

Elise Thøgers.

Norsk maallæra

eller

grammatik i landsmaalet

ved

Marius Hægstad

professor

Femte utgaava



Det fagraste maal som paa jordi er,
er maalet aat den som du mest hev kjær.
Og elsker du folket i Norigs dalar,
so elsker du maalet som folket talar.

M. H.



Bergen

Fr. Nygaards forlag

1905

Fyreord.

Denne femte utgaava følger mest i alt fjerde utgaava. Berre her og der er det gjort ei liti utfylling eller unvøling. I skrivemaaten hev eg sjølvsagt retta meg etter den rettskrivning som kyrkjedepartementet hev fastsett i 1901.

Kristiania, november 1905.

M. H.

Innleiding.

Det maalet som dei fleste folk talar her i landet, er **norsk**. Det norske maalet (folkemaalet, nynorsken) er dotter aat gamalnorsk. Det kløyver seg i ymse bygdemaal (maalføre); men skilnaden millom deim ligg mest i tonefallet, uttalen, og nokre bøygningsendingar. Bygdemaali samlar seg etter visse merke i tri flokkar: vestanfjellsmaalføre, austanfjellsmaalføre og nordanfjellsmaalføre. Paa desse maalføri er **landsmaalet** eller skriftformi for dei norske maalføri bygt, soleis at alle norske ord er gilde og brukande, kvar dei finst, men den reinaste, tydelegaste eller mest aalmenne formi vert nytta. Maalføri paa vestlandet og i fjellbygderne paa øystre sida aat Langfjelli hev mest av slike former, og difor vert landsmaalet likast desse bygdemaali.

Naar ein les landsmaal, kann det gjelda som aalmenn regel at han maa leggja det so nær inn til talemaaten i si eigi bygd som mogeleg.

Maallæra.

Setning. — Ordklassor.

§ 1. **Maallæra** (grammatik) hev til fyremaal aa syna fram bygnaden aat maalet.

§ 2. Maalet er samansett av setningar. Ei

setning er ei samling med ord som det er ein heil meining i: *soli skin*.

§ 3. I setningi lyt det alltid vera einkvar som er umtala, og som gjer eitkvart eller som det hender eitkvart: *soli skin; barnet søv*. Denne setningsleden kallar me **subjekt** (hovudled).

§ 4. Like eins lyt det i setningi verta sagt eitkvart um subjektet: *soli skin; barnet søv*. Denne setningsleden kallar me **prædikant** (umtaleled).

Merkn. Subjektet kann ein stundom utelata: *kom!* (meint: *kom du*); *gjeve det var so vel* (meint: *Gud gjeve det var so vel*); *alt for fedrelandet* (meint: *me vil ofra alt for fedrelandet*).

§ 5. Setningi er samansett av ord. Ordi vert skipa i ti klassor eller flokkar, som me kallar ordklassor, soleis at kvart einskilt ord i maalet høyrer til ei av desse klassorne. **Ordklassorne** er:

§ 6. **Namnord** (tingord, substantiv) kallar me dei ordi som er namn paa folk, dyr, ting, og paa alt som me kann tenkja oss som folk eller ting: *gut, ørn, hus, von* (ho, som ei kvinna), *hogg*.

Merkn. Namnordi vert skipa i tri hopar:

1. **Samnamn** (appellativ), aalmenne namn paa ting som det er ei mengd utav: *gut, stol*.

2. **Sernamn** (proprium), sereige namn paa ting som det finst berre ein utav: *Olav, Norig*.

3. **Reinskilde namnord** (abstrakt), namn paa ukropppslege eller reinskilde umgrip: *slag, svevn, lengd, breidd*.

§ 7. **Eigenskapsord** (adjektiv) er dei ordi som syner korleis ein ting ser ut eller er voren: *svart lamb; stor sorg*.

§ 8. **Pronomen** (løysningsord) er slike ord som me brukar i staden for namnet paa tingen: *eg, du, han, kven?*

§ 9. **Talord** (numeral) kallar me dei ordi som me tel med: *ein, tvo, tri* o. s. fr.; *den fyrste, den andre* o. s. fr.

§ 10. **Kjenneord** (artiklar) kallar me nokre smaa ljodlette ord som vert aatlagde namnord og eigenskapsord. Det er tvo slag kjenneord;

det **ubundne** kjenneordet er: *ein, ei, eit; ein mann, ei kona, eit barn, ein stor foss;*

det **bundne** kjenneordet heiter i lag med eigenskapsord: *den, det, dei*, og vert daa sett framfor; t. d. *den store fossen, det kvite huset, dei høgste nutarne*. — I lag med namnord vert det upp i ei ending: *-en, -i, -et; -ne i: bjørnen, soli, huset; gutarne, skualerne, husi*.

Merkn. Naar *den, det, dei* stend framfor namnord (*den mannen*), hev det sterkare ettertrykk og er ikkje kjenneord, men peikande pronomen.

§ 11. **Gjerningsord** (hendingsord, verb) kallar me dei ordi som syner at eitkvart hender eller gjeng for seg: *føra, syngja, bjoda, fara*.

Merkn. 1. Naar gjerningi verkar paa eitkvart, kallar me gjerningsordet **paaverkande** (transitivt): *aa sla a fienden*. Slike ord er: *dikta, føra, gjeva, taka*. Naar gjerningi ikkje gjeng ut yver noko, kallar me ordet **upaaverkande** (intransitivt). Slike ord er: *drøyma, døy, ganga, koma, vaka*.

Merkn. 2. Det er gjerningsordet som skapar prædiketet. Nokre gjerningsord som etter sitt vanlege bruk ikkje kann staa aaleine, men treng eit namnord eller eigenskapsord

i lag med seg, kallar me **usjølvsstøde** gjerningsord: *han er stor*. Slike ord er: *vera, verta (bli, bi), heita, kallast*.

§ 12. **Adverb** (utfyllingsord) er slike ord som ofte vert aatlagde eigenskapsord og gjerningsord og gjev deim ei viss vending i tydingi: *baaten er noko stor; han er svært stor. Guten skriv godt*.

Merkn. Eit adverb kann ogso verta aatlagt eit anna adverb: *han gjekk ikkje langt*.

§ 13. **Præposisjonar** (styreord) er dei ordi som merkjer ut eit høve millom ymse ting: *boki ligg paa bordet; hunden ligg under bordet; lampen heng yver bordet. Han er reist til Amerika*.

§ 14. **Bindeord** (konjunksjonar) er dei ordi som bind saman ord eller setningar: *sol og maane. Det gode gjerest medan det vonde gjeng*.

§ 15. **Utropsord** (interjeksjonar) er slike ord som berre vert bruka i utrop: *au! aa hei, aa haa!*

Merkn. Adverb, præposisjonar, bindeord og utropsord kallar me med eit namn **smaaord** (partiklar).

Ljodlæra.

§ 16. Ordi er samansette af **ljodar**. Ljodarne vert merkte med teikn som me kallar bokstavar. Dei bokstavarne som er brukelege i vaart maal, vert rada soleis:

A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L	M	N	O	P	Q
a	b	c	d	e	f	g	h	i	j	k	l	m	n	o	p	q
R S T U V X Y Z Æ Ø Aa																
r s t u v x y z æ ø aa																

Merkn. C, Q, X, Z (c, q, x, z) kann ein nytta berre i framandord.

§ 17. *a, e, i, o, u, y, æ, ø* og *aa*, er teikn for vokalar (sjølvljodar); *au, ei* og *øy*, er diftongar (tviljodar). — Ein vokal vert til paa den maaten, at lufti vert drivi upp fraa lunga og strøymer fritt ut gjennom open munn, medan ljodglopet («stemmeridset») er atterlate og ljodbandi strame. Etter som daa tunga er framskoti i munnen eller atterdregi, ligg høgt eller laagt, eller lipporne skyt seg fram eller dreg seg att, fær vokalen ein ulik klang.

§ 18. Naar me segjer *i*, legg me framtunga høgt upp i munnen, medan lipporne dreg seg att; fører me so tunga lite ned, vert det *e*; lægjer me henne endaa meir, vert det *æ*. — Naar me segjer *y*, ligg tunga i same lega som for *i*, men lipporne er framskotne; skyt me fram lipporne medan tunga ligg paa *e*-romet, fær me *ø*. — Alle desse ljodarne ligg soleis framme i munnen, og vert difor kalla framljodar. Ogso *ei* og *øy* er framljodar.

§ 19. Naar me segjer *u*, lyfter me upp midtunga og skyt fram lipporne. Han vert kalla midljod. Ogso *au* er midljod.

§ 20. Lengst att i munnen ligg *a, aa* og *o*. Desse ljodarne kallar me difor innljodar.

§ 21. Dei ljodarne som me uttalar med framskotne lippor (*y, ø, u, o, aa, au, øy*), kallar me runde vokalar; hine kallar me vide (*i, e, æ, a, ei*).

§ 22. Etter dette kann me skipa vokalarne i tri klassor, etter som dei vert framborne paa framtunga (*i*), midtunga (*u*), eller baktunga (*o*):

	Framljod		Midljod	Innljod	
	vid	rund	rund	vid	rund
Høg	i (ei)	y (øy)	u (au)		
Millom	e	ø			o
Laag	æ			a	aa

§ 23. Med vokalarne er det aa merka, at *e, i, o, u, y, ø* hev tvo slag uttale: ein trong (»lukket«): *kne, lett; liv, fritt; stor, skodd; hus, budde; lysa, hylla; søt, møtt; —* og ein open: *mett, veva; mitt, vit; odd, mose; upp, hug; lyst, mykje; gløgg, mjød.*

Framfor einskild konsonant er vokalen lang (*liv, hus, lit, høg*; like eins naar han stend aaleine (*kne*). Framfor dubbel konsonant er han stutt (*fritt, hylla, mitt, odd*). Som dømi viser, kann baade tronge og opne vokalar vera baade lange og stutte. Like eins kann tviljodarne vera baade lange (*hauk, stein, drøyma*) og stutte (*snaudt, leidt, brøytt*).

Merkn. 1. Til aa syna at ein vokal hev trong uttale, kann me bruka trongt ljodstrik (´) *han fór* (av *fara*). Til aa syna at vokalen hev open uttale, kann me setja ope ljodstrik (˘) yver vokalen: *ei fór* (˘: ei plogfor). Er *de* eller *d* burtfallen etter vokalen, kann me syna vokallengdi med samandragsteikn (^): *får* (= *fader*), *fór* (*høyfór*), *sål* (paa hest; men *sal* = stova).

Merkn. 2. Vokalen er ogso stutt i desse ordi: *at, den, ein, eit, fram, han, som, til, um, skal, vil; skam* (men *skammi*).

§ 24. Dei opne vokalar vert mange stader uttala noko annarleis enn dei her er skrivne. Soleis vert open *e* uttala som *æ*: *mætt* (mett); *i* som

e: *mett* (mitt), *vet* (vit); *o* som *aa*: *aadd* (odd), *maase* (mose); *u* som *o*: *hog* (hug), *opp* (upp); *y* som *ø*: *løst* (lyst), *møkje* (mykje).

Merkn. I ymse maalføre er det sjølv sagt at der er endaa mange ting som det var verdt aa røda um — soleis **ljodjamningi**, som er aalmenn i austlandske og trøndske bygdemaal og ofte gjer aalkjende ord svært framande for deim som ikkje veit um regelen (*vita* vert til *vatta*, *vaattaa*; *bera* til *barra*, *baarraa*; *hoka* til *haakaa*, *huku*), men det vert ikkje rom til det i denne vesle boki. Ljodjamningi gjeld berre ord som hev open vokal, og ikkje eingong alle deim.

§ 25. Innljodarne og midljodarne kallar me harde vokalar, dei andre linne. Ein hard vokal kann i ymse tilfelle verta linn, og dette vokalskifte kallar me **lint ljodbrigde** (◊omlyd av i◊). Ved lint ljodbrigde vert:

a til **e**: *fast*, *festa*; *taka*, *tek*.

aa - **æ**: *taa*, *tær*; *slaa*, *slær*.

o (open) - **y**: *sorg*, *syrgja* (undant. *son*, *søner*).

o (trong) - **ø**: *stor*, *større*.

u - **y**: *upp*, *yppa*; *dun*, *dyna*; *sut*, *syta*.

jo og **ju** - **y**: *ljøs*, *lysa*; *mjuk*, *mykja*; *skjota*, *skyt*.

au - **øy**: *draum*, *drøyma*.

Merkn. Naar *a* vert til *o*, kallar me det hardt ljodbrigde: *barn*, *born*.

§ 26. Naar vokalen liksom spring fraa den eine klassa til den andre, kallar me vokalskiftet for **ljodsprang** (◊aflyd◊).

1. *springa* — *sprang* — *sprunge*.

2. *sitja* — *sat* — *sete*.

3. *stiga* — *steig* — *stige*.

4. *bjoda* — *baud* — *bode*.

5. *fara* — *for* — *fare*.

6. *blaasa* — *bles* — *blaase*.

§ 27. *b, d, f, g, h, j, k, l, m, n, p, r, s, t, v* kallar me konsonantar (samlyodar). — Ein konsonant vert til paa den maaten, at munn-romet paa ein-kvar staden vert stengt (og so braatt opna) eller sterkt ihoptrengt for lufti som vert drivi upp or lunga. Konsonanten fær ein serskild klang etter det romet i munnen han vert laga paa.

§ 28. Er lydglopet atterlate, og lydbandi strame, hev konsonanten klanglyod, og vert kalla klangfør (eller linn): *b, d*. Er lydglopet ope, vert der ikkje klanglyod i lag med konsonanten, og han vert kalla klanglaus (eller hard): *p, t*.

§ 29. Klangføre konsonantar er: *b, d, g, j, l, m, n, r, v*; klanglause er: *f, k, p, s, t*.

Merkn. *h* er berre ein sterk pust eller andeljud.

§ 30. Etter romet i munnen og den maaten som konsonantarne vert laga paa, kann me skipa deim soleis:

	Tangerot-lyod		Tungerygg-lyod		Tungetipp-tannlyod		Lippe-lyod		Tannlippe-lyod		Andeljud
	klang-laus	klang-før	klang-laus	klang-før	klang-laus	klang-før	klang-laus	klang-før	klang-laus	klang-før	klang-laus
stengd	k	g			t	d	p	b			
open			kj	j	s				f	v	h
gjenom nasen		ng				n		m			
dirrande		z				r					
kløyvd						l					

Merkn. 1. Austanfjells og mange stader nordanfjells hev dei ein merkeleg uttale av *l* i ymse høve, helst etter vokal, »tjukk *l*«, soleis: *sol*, *bla(d)*, *fugl*, *Ola*; ofte ogso i staden for *rd*: *ol* (ord). I dei same maalføri vert *d*, *t*, *l*, *n* (og *s*) etter *r* uttala soleis, at tungetippen vert sett upp mot gomen, i staden for mot tenuerne. Desse ljodar kallar me gomeljodar (supradentalar, kakuminalar): *svart*, *lærd*, *Karl*, *ørn*, *Lars*.

Merkn. 2. Sume stader (mest nordanfjells) vert *dd*, *tt*, *ll* og *nn* laga paa den maaten, at tungeryggen (ikkje berre tungetippen) slær mot framgomen; soleis i Trøndelag *rædd*, *skalli* (skalle), *mann*. Desse ljodarne kann me kalla tungeryggljodar (palatalar).

§ 31. Ein einskild konsonant er stutt: *tap*; ein tvifelt konsonant er lang: *tapp*. Lang konsonant fyre ein annan konsonant vert sjeldan skriven tvifelt so nær som framfor *s* i eigefall og i samansetning: *gløgt* (av *gløgg*); *slepie* (av *sleppa*); men *mannsemne*, *mannedom*. Sjaa § 57, 6.

§ 32. Ei staving med ettertrykk er alltid lang; anten er vokalen lang: *tap*, eller ogso kjem det fleire konsonantar etter vokalen og gjer stavingi lang: *tapp*, *land*.

§ 33. Me hev i norsk tvo tonelag, einstavingstonelag og tvostavingstonelag. Einstavingstonelag er der i ord med ei staving: *bru*, *hatt*, men ogso i *vatn*, *aaker*, *handel*, *brevet*, *huset*. Tvostavingstonelag hev me i: *visa*, *byggder*, *byggdom*, og i slike samansette ord som: *gardstaur*, *baathamn*.

§ 34. **d** fell ofte burt i uttalen etter vokal: *god*, *bad*, *breid* (les: *go*, *ba*, *brei*). **-ld**, **nd** er ofte uttala som *ll*, *nn*: *kveld*, *land* (uttala: *kvell*, *lann*).

§ 35. **rd** vert ofte uttala *r* paa vestlandet og **l** (tjukk l) paa austlandet og nordanfjells: *ord*, *gard*, *skurd* (paa vestlandet: *or*, *gar*, *skur*; paa austlandet: *ol*, *gal*, *skul*).

§ 36. **g** framfor linne vokalar vert uttala som *j*: *geit*, *gøyma* (les: *jeit*, *jøyma*). I same stoda vert **k** uttala som *kj*: *køyra*, *keid* (les: *kjøyra*, *kjei*).

Merkn. I ljodlett staving hev *g* og *k* framfor *e* ofte sin vanlege harde uttale: *skogen*, *boki*, *folket*, *sterke*; soleis alltid i samansetningar som *makelaus*, *hageblom*, *skuggedal*.

§ 37. **m** i enden av ord vert i uttalen paa vestlandet ofte burtkasta: *deim*, *honom*, *som*, *byggdom* (paa vestlandet: *dei*, *haano*, *so*, *byggdo*.)

§ 38. **mb** vert mangstad i uttalen tiljamna til *mm*: *lamb*, *timber*, *kjemba* (uttala mange stader: *lamm*, *timmer*, *kjemma*). **rn** vert i daglegtalen ofte tiljamna til *nn* (eller *dn*): *visorne* (utt. *visonne*), *baatarne* (utt. *baatanne* eller *baatadne*.)

§ 39. **t** fell i uttalen oftast burt i tvostavingsformer, naar han stend i enden av ordet: *huset*, *riket* (les: *hus'e*, *rikje*). Sameleis *det* (les: *de*).

Ordlæra.

§ 40. Mange ord skifter form etter sitt bruk eller si stoda i setningi: *han syng*, *han song*. *Han skaut hjorten*; *han skaut hjortarne*. *Eg var so glad*; *du naar ikkje meg*. Slike ord kallar me bøygelege, og dette formskifte kallar me **bøyging**.

Sume ord hev i talen alltid samme formi, og vert difor kalla ubøygjelege.

Merkn. Namnord, eigenskapsord, pronomen, (talord), kjenneord og gjerningsord er bøygjelege, dei andre ordklassor er ubøygjelege.

Namnordi.

§ 41. Namnordi kløyver seg i tri flokkar etter sitt kyn:

1. Mannkynsord er dei som me kann setja *han* i staden for, og *ein* framfor: *ein mann, ein staur*.
2. Kvendkynsord er dei som me kann setja *ho* i staden for, og *ei* framfor: *ei kona, ei skaal*.
3. Inkjekynsord er dei som me set *det* i staden for, og *eit* framfor: *eit dyr, eit hus*.

§ 42. Namnordi hev **two talformer**, ei for **eintal** (*dag, visa*) og ei for **fleirtal** (*dagar, visor*). I kvart tal er der two skiljeformer: ei ubundi (uavmerkt) form (*dag, visa; dagar, visor*) og ei bundi (avmerkt) form (*dagen, visa; dagarne, visorne*).

Merkn. Serskilde kasus (fall, bøygningsfall) er ikkje gjennomførde i landsmaalet. Ein bunden dativ (sidefall) i eintal og fleirtal er fulla mykje i bruk i sume maalføre, mest austanfjells og i Trøndelag og paa Nordvestlandet; men mange maalføre i alle landsluter hev ikkje dativ, og landsmaalet rettar seg i dette stykke etter desse. Likevel hev den lettvinde dativform i fleirtal, som i alle ord endar paa *om (fraa bygdom = fraa bygderne)* vore ikkje so lite nytta i skrift, men er som dativ i det heile ikkje naudsynleg. Genitiv (eigefall) i ubundi form i eintal og fleirtal er mest ikkje brukande utanum samansetningar.

§ 43. Etter si bøygning kann namnordi verta uppsette i tri flokkar, ein for kvart kyn, og det soleis, at me innanfor kvart kyn skil millom dei ordi som endar med konsonant (*baat, bygd, ord*), og deim som endar paa ljodlett vokal (*hage, visa, øyra*).

Mannkynsord.

a) Konsonant-endande.

§ 44. Bøygningsmynster:

Eintal:

Fleirtal:

Ubundi form. Bundi form. Ubundi form. Bundi form.

baat **baaten** **baatar** **baatarne**

Merkn. 1. Dei bundne dativformer *baate* (eintal) og *baatom* (fleirtal) som er i bruk i dativ-maalføri, er ikkje naudsynlege i skrift. — I samansetning vert stundom bruka *baats* og *baate* (*baatslengd, baatelengd*), som eigenleg er gamle genitivformer.

Merkn. 2. Um korleis eigefallet vert unskrive sjaa § 55.

Merkn. 3. Fleire dome: *aal, dag, fisk, fugl, gard, hest, odd, ring, stol*.

§ 45. Som *baat* vert alle mannkynsord bøygde, naar dei endar paa konsonant — undanteke:

1. ord som endar paa **el** og **ul**; i deim vert *e* og *u* framfor *l* utstøytt i fleirtal: **spegel**, fleirtal **speglar**; **ongul**, fleirtal **onglar**.

Merkn. 1. Like eins: *hamar, hamrar; sumar, sumrar; vetter (vinter), vetrar (vintrar); morgon, morgnar*.

Merkn. 2. Andre ord paa *-ar* kastar burt **r** framfor **n** i bunde fleirtal: *tenar, tenarar, tenarane*.

2. Nokre ord som fær **-er** i staden for **-ar** i fleirtal: **gjest, gjester**. Endar eit slikt ord paa

g eller *k* og hev linn vokal i roti, fær det *j* i fleirtal: **vegg, veggjer.**

Merkn. Slike ord er: *bekk, belg, benk, dreng, drykk, flekk, gong, gris, hegg, hyl* (dypt i ei elv), *klegg, kvæn, legg, led, lem, lit, lüt* (deild), *rett* (matrett), *rygg, rykk, sau, sed* (skikk), *sekk, sleng, stad, streng, styng, veg, veng, ven, vev, øyk*, og ord som endar paa *nad*: *maanad, maanader*. Hertil kjem ogsa: *døler, teler, trønder, -værer*.

3. Nokre ord som i fleirtal fær **-er** og samstundes lødbrigdar rotvokalen (§ 25): **son, fleirtal søner.**

Soleis vert bøygde: *fot* (*føter*), *mann* (*menner* eller *menn*), *nagl* (*negler*), *spon* (*spøner*). — *Får* eller *fader* (*feder* eller *fedrar*); *bror* eller *broder* (*brøder* eller *brør*).

4. *Sko* og *ljaa*, fleirtal *skor, ljaar*.

Mannkynsord.

b) Vokal-endande mangstavingsord.

§ 46. Bøygningssmynder:

Eintal:

Fleirtal:

Ubundi form. Bundi form. Ubundi form. Bundi form.

granne grannen grannar grannarne

Merkn. 1. Dei bundne dativformer *granna* (eintal), *grannom* (fleirtal) er ikkje naudsynlege i skrift. — I samansetning vert bruka *granne* (*grannelag*), eigenleg genitiv.

Merkn. 2. Um eigefallet sjaa § 55.

Merkn. 3. Fleire døme: *ende, hage, hane, kjole, sele, straale*.

§ 47. Som *granne* vert alle mannkynsord bøygde som endar paa lødlett *e*, so nær som **bonde, fleirtal bønder.**

Kvendkynsord.

a) Konsonant-endande.

§ 48. Bøyningsmynster:

Eintal:

Fleirtal:

Ubundi form.	Bundi form.	Ubundi form.	Bundi form.
skaal	skaali	skaaler	skaalerne

Merkn. 1. Den bundne form i eintal endar i mange maalføre paa *e* eller *a* (*skaale*, *skaala*). Bundne dativformer *skaalenne* (eintal), *skaalom* (fleirtal) er i bruk i sume bygder. — Av gamall genitiv paa *-ar* (eintal) og paa *-a* (fleirtal) finst leivningar i nokre samansetningar og ordlag (*naudardom*, *eignalut*); men elles vert i samansetning no bruka *-e* (*bygdelaag*).

Merkn. 2. Um eigefallet sjaa § 55.

Merkn. 3. Fleire dømme: *byggd*, *fil*, *naal*, *sokn*, *mark* (*marker*).

§ 49. Som *skaal* vert alle kvendkynsord bøygde, naar dei endar med konsonant, eller er einstavingsord (*bru*) — undanteke:

1. nokre ord som fær *-ar* og *-arne* i fleirtal: **elv**, fleirtal **elvar**, **elvarne**.

Merkn. Som *elv* vert bøygde: *aadr* (*blodaadrar*), *aar* (paa baat), *byrd*, *erm*, *grind*, *gyger*, *heid*, *helg*, *herd*, *kleiv*, *kvern*, *mjødm* (*mjødmarne*=hofterne), *myr*, *møy*, *reim*, *røyr*, *røys* (*steinrøys*), *sild*, *sin*, *sæter*, *vik*, *øks*, *øy* — og alle ord paa *-ing* (*gjerning*, *gjerningarne*). Desse ordi fær — *jar* i fleirtal: *eng*, *hes*, *klyv*. *Dør* heiter i fleirt. *dører*.

2. sume ord med open *o* i roti, og som i fleirtal hev *a* istaden: **oksl**, **aksler**.

3. nokre ord med open *o* i roti, og som brigdar *o* til *e* i fleirtal: **tonn**, **tenner**.

Soleis *fonn*, *nòt* (frukt), *stong*, *tong*. Like eins: *hand*, *rand*, *strand*; *and* (fugl) fleirtal: *ender*; *aand* (sjæl) fleirtal: *aander*.

4. nokre ord som hev ljodbrigde (§ 25) i fleirtal: **gaas, gjæser; bot, bøter.**

Soleis: *bok, flaa* (ei hylla i fjellet; ogso kavl, fljot), *glod, klo, kraa, ku, laag* (eit neddotte tre), *mus, natt, nót* (vaad), *rot, skaak, taa.*

Dotter (fleirtal *dotter*), *mór* eller *moder* (fleirt. *møder*); *syster* (fleirtal *syster*).

Kvendkynsord.

b) Vokal-endande mangstavingsord.

§ 50. Bøygningmynster:

Eintal:

Fleirtal:

Ubundi form.	Bundi form.	Ubundi form.	Bundi form.
visa	visa	visor	visorne

Merkn. 1. Dei bundne dativformer er *visonne* (eintal) *visom* (fleirtal), i bruk i sume bygdemaal. — I samansetning vert bruka *visé* (*visebok*), som eigenleg er genitiv eintal (for *viso*).

Merkn. 2. Um eigefallet sjaa § 55.

Merkn. 3. Fleire dømme: *fura, klokka, kona, vika*, og elles alle kvendkynsord som endar paa ljodlett *a* og hev meir enn ei staving.

Inkjekynsord.

a) Konsonant-endande.

§ 51. Bøygningmynster:

Eintal:

Fleirtal:

Ubundi form.	Bundi form.	Ubundi form.	Bundi form.
aar	aaret	aar	aari

Merkn. 1. Bundne dativar er *aare* (eintal) og *aarom* (fleirtal), som ikkje er naudsynlege i skrift. — I samansetning ofte *aars* og *aare* (*aarsdag, aaremaal*), eigenleg genitiv (*aars, aara*).

Merkn. 2. Um eigefallet sjaa § 55.

Merkn. 3. Fleire dømme: *bord, bur, dyr, fat, glas, tre.*

§ 52. Som *aar* vert alle inkjekynsord bøygde som endar paa ein konsonant; like eins dei som endar paa *e*: **eple**, bunde eint. **eplet**; ubunde fleirtal **eple**; bunde fleirtal **epli**. Merk:

1. Sume ord med *a* i roti fær hardt ljodbrigde i fleirtal (§ 25 merkn.): **barn**, **horn**.

Soleis ofte: *lamb*, *plagg*, *vatn*, som alle ogso kann hava *a* i fleirtal.

2. Ord, som endar paa *ge* og *ke* fær *j* framfor *a* og *o* i maalføre med slike endingar: **gjenge**, **gjengjom**; **merke** (merkja), **merkjom**.

Inkjekynsord.

b) Vokal-endande.

§ 53. Bøyningsmynster:

Eintal:

Fleirtal:

Ubundi form. Bundi form. Ubundi form. Bundi form.

auga

auga

augo

augo

Merkn. 1. Bunden dativ fleirtal (*augom*) er i bruk mange stader. — I samansetning ofte *auge* og *augne* (*augestyng*, *augneblink*) som er gamle genitivar (*auga*, *augna*).

Merkn. 2. Um eigefallet sjaa § 55.

Merkn. 3. Soleis vert bøygde: *hjarta*, *hyrna*, *noda* (=nysta), *nyra*, *nysta*, *okla*, *øyra*.

Um dativ (sidefall) og genitiv (eigefall).

§ 54. I dei bygdemaal som hev **dativ** brukar dei den formi:

1) til aa merkja ut kven det er som gjerningi i setningi hev umsyn til: *han gav gutom mat*.

2) i lag med nokre gjerningsord: *han hjelppte foreldrom*.

Slike gjerningsord er: *fylgja*, *gagna*, *hjelpa*, *høva*, *likjast*, *lyda*, *søma*, *tena*.

3) i lag med nokre eigenskapsord: *han er rædd hundom*.
Slike eigenskapsord er: *kvitt, leid, lik, ulik, skyld*.

4) etter sume præposisjonar; sjaa § 119, merkn. 1.

Merkn. 1. I alle desse tilfelli brukar landsmaalet den vanlege nemningi: *han gav gutarne mat, han hjelpte foreldri, han er rædd hundarne*.

Merkn. 2. I sume ordlag hev me ogso atter fraa gamle-maalet ein ubunden dativ: *han reiste av garde; bera handi i fatle; fara i make; fem vikor av sumre* (= etter sumarmaal, 14de april); *vera paa fotom; dei gjekk i festom* (= var trulova); *vera i live; i sin beste brage* (i sin beste alder).

§ 55. **Genitiv** (eigefallet) vert mest bruka i samansetning og ymse talemaatar: *eit aars tid; til kvelds; til nons; innan stokks; manne millom*. Sjeldan elles: *bondens vis; mannsens lukka*. Eigefallet i andre høve maa me difor i landsmaalet umskriva (liksom i engelsk, fransk og ymse andre maal). Denne umskrivningi kann ganga for seg paa ein av desse maatarne:

1) med præposisjonar, helst *a at* og *til*, men ogso *av, etter, for, i, med, paa, yver*: *arven aat guten; retten til grannen; sanden i havet; kjølen paa baaten*.

2) med aa setja *sin* (*si, sitt, sine*) etter namnordet: *mannen sin hatt. Det var guten si skuld*.

3) med aa setja *hans* og *hennar* framfor: *baaten hans Olav; rokken hennar Gunhild*. Dette ordlaget kann me berre bruka framfor namn paa personar.

4) med samansetning: *naustvegg* = veggen

paa naustet. *Kongsgard* = garden aat (til) kongen = kongen sin gard.

Merkn. Gamalt bunde eigefall i: *taka til fotanne* (=skunda seg, springa); *husanne millom* = huse millom; *vaart fedranne maal* = vaart fedremaal.

Eigenskapsordi.

Bøyningsformer.

§ 56. Eigenskapsordi vert bøygde i **kyn** og **tal**, og rettar seg etter namnordi som dei stend attmed: *stor mann, stort hus, store menn, store kyrkjor*. Naar dei stend utan avmerkjingsord eller etter det ubundne kjenneord, vert dei bøygde soleis:

	Eintal			Fleirtal
Mannkyn.	Kvendk.	Inkjek.	Alle kyn.	
rik	rik	rikt	rike	

Døme: *ein rik mann; ei rik kona; eit rikt land; rike menn; rike gjentor; rike folk*.

Merkn. Eintal mannkyn kann enda paa *-er*, helst i kvedskap: *ein væner blome, ein riker mann*. — I mange maalføre endar fleirtal kvendkyn paa *a*: *ljosa næter, manga visor*; denne formi er mykje bruka i eldre landsmaalsbøker.

§ 57. Merk: 1. Ord som endar paa *t* med konsonant framanfor eller paa *-ut* fær ikkje nokon ny *t* i inkjekyn: *svart hatt; eit svart klæde*.

2. I ord som endar med *d*, fell *d* i eintal inkjekyn saman med *t* til *tt* i uttalen: *hard, hardt; blid, blidt*. — Naar *d* ikkje høyrer til roti, men er sjølv ending, fell han burt framanfor *t*: *bygd, bygt*.

3. Ord som endar paa vokal, fær *tt* i eintal inkjekyn: *ny, nytt; fri, fritt; blaa, blaatt*.

4. Nokre ord med tvo stavingar vert samandregne i fleirtal: *gamall, gamle; ymis, ymse; diger, digre*.

5. *gamall* heiter ogso i kvendkyn eintal *gamall*, inkjekyn *gamalt*; i samansetning: *gamal* og *gamle*.

6. Ord som endar med dubbel konsonant, kastar burt den eine konsonanten framfor *t* i inkjekyn: *snøgg, snøgt; sann, sant; turr, turt*; men ikkje naar det kann verta mistydning: *fullt* (av *full*), men *full* (av *ful*); *visst* (av *viss*), men *vist* (av *vis*).

§ 58. Eigenskapsord som endar paa **en**, vert bøygde soleis:

Eintal			Fleirtal
Mannkyn.	Kvendk.	Inkjek.	Alle kyn.
open	opi	ope	opne

Som *open* vert bøygde: *heiden, kristen* o. fl., og partisip som: *komen, faren, skriven* o. s. fr.

Merkn. *mykjen* hev i inkjekyn: *mykje*; *liten* hev i inkjekyn: *lite*, i samansetning *litle*.

§ 59. Naar eigenskapsordi hev det bundne kjenneord eller eit anna avmerkjingsord (som: *min, vaar, denne*) framfor seg, vert dei bøygde soleis:

Eintal		
Mannkyn.	Kvendkyn.	Inkjekyn.
den rike	den rike	det rike
den opne	den opne	det opne
Fleirtal		
Alle kyn.		
dei rike		
dei opne		

Merkn. 1. Eintal kvendkyn og eintal inkjekyn

endar i sume maalføre paa *a*: *den stora stova; det stora huset*. Soleis ogso i nokre landsmaalsbøker, helst eldre.

Merkn. 2. Dei ordi som er umrødde i § 57, 4, vert ogso samandregne i desse formerne; *liten* i bundi form *litle*.

§ 60. Sume eigenskapsord hev alltid same formi. Soleis alle ord paa —**ande** (*sjaaande, truande*), *einstaka, jamstroka, manglida, sjolvvita*; dessutan: *fagna, grepa* o. s. fr. Like eins partisip paa *a*: *steinen er kasta, og: steinarne er kasta*.

Likningsformer eller gradformer.

§ 61. Av vanlege eigenskapsord vert det laga nye som hev same grunntydningi, men nemner eigenskapen i ein høgre eller i den høgste grad. Dette formskifte hjaa eigenskapsordet kallar me **gradbøygning** (komparasjon): **rik, rikare, rikast**. Upphavsformi kallar me grunnform (positiv), *rik*; den andre formi heiter høgregrad (komparativ), *rikare*; den tridje nemner me høgstegrad (superlativ), *rikast*.

§ 62. Dei fleste eigenskapsord i legg i høgregraden —**are** og i høgstegraden —**ast** (eller —**aste**) til grunnformi:

Grunnform.	Høgregrad.	Høgstegrad.
<i>lett</i>	<i>lettare</i>	<i>lettast</i> el. <i>lettaste</i>
<i>tru</i>	<i>truare</i>	<i>truast</i>
<i>varleg</i>	<i>varlegare</i>	<i>varlegast</i>

Merkn. Ord paa *-en* og *-er* skyt ut *e* i gradbøygningi: *open, opnare, opnast*.

§ 63. Sume eigenskapsord fær i høgregraden

—re og i høgstegraden —st, og ljodbrigdar vokalen (§ 25):

<i>ung</i>	<i>yngre</i>	<i>yngst</i>
<i>stor</i>	<i>større</i>	<i>størst</i>
<i>lang</i>	<i>lengre</i>	<i>lengst</i>

Soleis: *faa*, *høg*, *smaa*, *tung*, og stundom: *djup*, *fager*, *grov*, *haag*, *laag*, *trong* (*trengre*).

Merkn. *faa* kann ogsø hava: *faaare*, *faaast*.

§ 64. Nokre ord lagar gradformerne av ei onnor rot enn grunnformi: **god**, **betre**, **best**.

Merkn. Slike uregelrette ord er: *vond*, *verre*, *verst*; *liten*, *mindre*, *minst*; *mykjen*, *meir*, *mest*; *mange*, *fleire*, *flest*; *gamall*, *eldre*, *eldst*.

§ 65. Nokre eigenskapsord finst berre i høgregrad og høgstegrad: **indre**, **inst**.

Soleis: *ytre*, *ytst*; *nedre*, *nedst*; *øvre*, *øvt*; like eins: *altare*, *fremre*, *nørdre*, *søre*, *øystre*, *vestre*. — Berre i høgregrad: *høgre* og *vinstre*. — Berre i høgstegrad: *einast*.

Merkn. Nokre eigenskapsord hev ikkje serskilde former for høgregrad og høgstegrad, t. d.: *krokut*, *framand*, *spakvoren*. I desse tilfelli kann me umskriva høgregraden med *meir* og høgstegraden med *mest*: *meir krokut*, *mest krokut*. Soleis med alle ord paa *-ut*.

§ 66. Høgregradformerne er ubøygjelege (*rikare*, *lengre*); høgstegradformerne paa *—ast* og formerne paa *—st* vert bøygde som vanlege grunnformer, so nær som i nokre tilfelle: *han er* (*den*) *yngste sonen*; *han er yngst* (men ogsø: *dei er yngst*).

§ 67. Eigenskapsord kann me stundom bruka i den bundne formi utan avmerkjingsord framanfor: *hugen dreg halve lasset*. *Han er ikkje beste*

mannen som mest fiskar. Det var myrke natti daa me kom fram. Kjære ven.

Merkn. Sume eigenskapsord hev vorte næsta til namnord: *Svarten; Blakken; Gamlen; Rauden.*

Pronomeni.

§ 68. Pronomeni er fleire slag: 1) personlege pronomen. 2) atterverkande (refleksive) pronomen. 3) eigedomspronomen. 4) peikande (demonstrative) pronomen. 5) spyrjande (interrogative) pronomen. 6) attervisande (relative) pronomen. 7) ubundne (indefinite) pronomen.

Merkn. Pronomeni er eigenleg anten namnord (*eg, kven*) eller eigenskapsord (*nokon, denne*).

§ 69. Dei personlege pronomen er **eg** for fyrste person (den som talar), **du** for andre person (den som ein talar til), **han, ho, det** for tridje person (den eller det som ein talar um). Desse pronomeni hev ei serleg form, naar dei er subjekt eller hovudled i setningi (subjektform, hovudfall), og ei onnor form, naar dei stend i andre høve eller i underledeerne i setningi (objektform, underfall): *eg skriv; han saag meg*. Sume hev ogso ei serskild form for eigefall: *hans*. Elles vert dei bøygde soleis:

Eintal

	Fyrste person.	Andre person.	Tridje person.		
			Mannk.	Kvendk.	Inkjek.
Subjf.	eg	du	han	ho	det
Objf.	meg	deg	honom	henne	det
Eigef.	—	—	hans	hennar	(dess).

Fleirtal alle kyn.

Subjf.	me eller	vi	de	dei
Objf.	oss		dykk	deim
Eigef.	—		dykkar	deira

Merkn. 1. *Han* heiter i objektf. *honom*; naar ordet hev ettertrykk, elles *han* (avstyvd: 'an, 'n); *dykk* heiter ogso *dykker*.

Merkn. 2. Vestlandet, fjellbygderne: **me**; austlandet, nordlandet: **vi**; **dykk** vert sumstad uttala: **døkk, dokk, dikk, dekk** (*deko, dikkon*). I fleirtal vert objektformi sumstad nytta som subjektform: *oss ha' gjort det*; *dykk (døkk, dokk) maa koma no*; *deim* (utt. dem) *vilde fara heim, sa' de(i)m*.

Merkn. 3. **Det er eg, det er du, det er han, det er dei**; (ikkje: *det er meg, det er deg* o. s. fr.)

§ 70. Det **atterverkande** eller **refleksive pronomen seg** viser alltid att paa subjektet i tridje person: *han gav seg. Dei gled seg.*

Merkn. Skyldt med *seg* er *kvarannan*, fleirtal *kvarandre*, og *einannan*. Døme: *dei gjekk ofte til kvarannan* (tvo menner); *dei var for lite kjende med kvartanna* (mann og kvinna). Men oftast *kvarandre* i alle høve.

§ 71. **Eigedomspronomeni** vert bøygde som eigenskapsord i kyn og tal:

	Eintal		Fleirtal
Mannkyn.	Kvendk.	Inkjek.	Alle kyn.
min	mi	mitt	mine
din	di	ditt	dine
sin	si	sitt	sine
vaar	vaar	vaart	vaare

Merkn. 1. I fleirtal kvendkyn endar desse ordi i sume maalføre paa *a*: *det er mina bøker*. Soleis ogso i sume eldre landsmaalsbøker.

Merkn. 2. Dativformer er i bruk her og kvar (*minom, minne, mino; dinom, dinne, dino* o. s. fr.)

§ 72. Dei **peikande pronomeni** er:

Eintal			Fleirtal
Mannkyn.	Kvendkyn.	Inkjekyn.	
den	den	det	dei
denne(a)	denne(a)	dette(a)	desse(a)

Merkn. 1. **den, det** heiter ogso **dan, dat** vestanfjells. *Denne* = den her; *denna* = den der; *desse* = dei her; *desse* = dei der. Til *det, dat* (utt.: *da*) finst ei dativform *di*.

Merkn. 2. Til dei peikande pronomen kann ein ogso rekna: *same, slik, sovoren, baae, sjølv*.

§ 73. Til **attervisande** (relativt) **pronomen** vert smaaordet **som** nytta; det er ubøygjelegt.

§ 74. **Spyrjande pronomen** er **kven** og **kva**.

Merkn. *kva* hev ei dativform *kvi* = kvifor. *Kven* i eigefall: *kven sin* eller *kven aat*.

§ 75. **Ubundne pronomen** er:

	Eintal			Fleirtal
Mannkyn.	Kvendkyn.	Inkjekyn.		
<i>all</i>	<i>all</i>	<i>alt</i>		<i>alle</i>
<i>annan</i>	<i>onnor</i>	<i>anna</i>		<i>andre</i>
<i>annankvar</i>	<i>onnorkvar</i>	<i>annakvart</i>		—
<i>einkvar</i>	<i>eikor</i>	<i>eitkvart</i>		—
<i>hin</i> (den andre)	<i>hi</i>	<i>hitt</i>		<i>hine</i>
<i>ingen</i>	<i>ingi</i>	<i>inkje</i>		<i>ingi</i>
<i>korgje</i>	<i>korgje</i>	<i>korkje</i>		—
<i>kvar</i>	<i>kvar</i> (kor)	<i>kvart</i>		—
<i>mang ein</i>	<i>mang ei</i>	<i>mangt eit</i>		<i>mange</i>
<i>nokon</i>	<i>nokor</i>	<i>noko</i>		<i>nokre</i>
<i>sum</i>	<i>sum</i>	<i>sumt</i>		<i>sume</i>

Framleides **ein**: *det er ikkje alle gjestebod ein skal fara til, og ikkje alle spursmaal ein skal svara til.* **Det**, upersonlegt: *det regner, det snoar*

(sumstad ogso: *han regner, han snoar*).

Merkn. *korgje* er det same som »nokon av tvo»: *han vilde hava deim baae, men han fekk ikkje korgje* (nokon av deim.) *Endaa dei var tvo paa baaten, gjorde dei ikkje noko korgje* (= nokon av deim).

Talordi.

§ 76. Talordi er anten grunntal, som endefram viser mengdi med ting, eller rekkjetal, som merkjer ut romet tingen hev i ei viss rad.

§ 77. **Grunntali** er ubøygjelege (*tolv, trettan*), so nær som: *ein, ei, eit*.

Merkn. 1. Grunntali er: *ein, tvo, tri, fire (fjore), fem, seks, sju, aatte, ni, ti, elleve, tolv, trettan, fjortan, femtan, sekstan, syttan, attan, nittan, tjuge, einogtjuge, o. s. fr. tretti, fyrsti, femti, seksti, sytti, aatteti, nitti, hundrad, tusund*.

Merkn. 2. *Tvo* og *tri* hev i eldre bøker serskilde inkjekynsformer: *tvau* og *try* (*tvau born, try aar*); *aatte, ni, ti, tjuge* heiter suma stader: *aatta, nio, tio, tjugo*; *sju, syttan, sytti* heiter sume stader: *sjau, sjauttan, sjautti*.

§ 78. **Rekkjetali** vert bøygde som eigenskapsord i bundi form: *den fyrste baaten; den tridje boki*.

Merkn. Rekkjetali er: *den fyrste, andre, tridje, fjorde, femte, sette, sjuande, aattande, niande, tiande, ellefte, tolvte, trettande, fjortande, femtande, sekstande, syttande, attande, nittande, tjugande, den ein og tjugande o. s. fr., trettiande, fyrtiande, fentiande, sekstiande, syttiande, aattetiande, nittiande (hundrade, tusunde)*.

Kjenneordi.

§ 79. Det **ubundne kjenneordet** nemner tingen som uavmerkt, og heiter *ein*. Det vert bøygt i kyn: mannkyn **ein**, kvendkyn **ei**, inkjekyn **eit**: *ein baat; ei aar; eit segl*. — Det finst ogso i fleirtal *eine*: *dei fer som eine galningar*.

Merkn. Framfor talord med tydingi »paa lag«, »kringum« alltid *ei*: *ei trettan fjortan; ei aatte stykke*.

§ 80. Det **bundne kjenneordet**, som nemner tingen som avmerkt, heiter *den* framfor eigenskapsord, og vert bøygt i kyn og tal: *den store fossen; den lengste visa; dei gamle federne*.

Merkn. Det bundne kjenneordet er etter sitt opphav same ordet som det peikande pronomen.

§ 81. I lag med **namnordi** hev det bundne kjenneordet vorte upp i ei ending (*mannen, soli, huset*), og er soleis avgreidt fyrr med yversyni yver **namnordi**.

Gjerningsordi eller hendingsordi.

§ 82. Me kann tenkja oss at ei gjerning gjeng for seg no, eller at ho hev gjenge for seg fyrr, eller at ho vil koma til aa ganga for seg ein gong i framtidi. Me skil etter dette millom **tri tider**: *notid eg skriv, fortid eg skreiv, framtid eg vil skriva*. Gjerningsordet hev i norsk lik-som i mange nærskyldte maal serskilde former berre for tvo tider: *notid* og *fortid*.

Merkn. Notidformi vert ofte bruka um framtidi: *han kjem imorgon*. Framtidformi vert elles skapa med saman-setning, anten *vil* eller *skal*. Like eins er det med dei andre

tidsformer, som i ymse langframande maal hev sjølvstøde former; perfektum vert umskrive med (*eg*) *hev*, pluskvamperfektum med (*eg*) *hadde*. § 85 merkn.

§ 83. Gjerningsordi hev baade i notid og fortid berre **ei talform**, som me brukar baade naar subjektet er eintal og naar det er fleirtal: *eg skriv*, *me skriv*; *eg skreiv*, *me skreiv*.

Merkn. I sume bygder brukar dei enno tvo talformer: *eg tek*, men *me taka*; *han skreiv*, men *me skriv* (Hallingdal). Ogso i mange bøker hev denne skilnaden vore gjort, mest i notid.

§ 84. Me kann segja ut gjerningsordet paa ymislege maatar:

1. me kann fortelja endefram at eitkvart hender: *eg kjem no*. *Han sat og arbeidde*. Denne utsegjingsmaaten kallar me **forteljemaate** (indikativ).

2. me kann ynskja at eitkvart hender: *Gud hjelpe oss*. *Aa, um eg finge det*. Denne maaten kallar me **ynskjemaaten** (optativ, konjunktiv).

3. me kann bjoda at eitkvart vert gjort: *skriv!* *Statt!* *Spring!* *Gange fram, gutar!* Denne maaten kallar me **bjodemaate** (imperativ).

Merkn. I bjodemaaten kann me skilja millom eintal og fleirtal: *spring no, gut!* *Springe no, gutar!*

4. me kann berre nemna gjerningi, so me ikkje bind henne til noko subjekt: *aa køyra, leika*. Denne maaten kallar me **nemnemaaten** (infinitiv).

Merkn. Etter desse ordi vert oftast *aa* utelate: *bella* (*eg beller* (toler) *ikkje gjera det*); *byrja*; *herda* (*eg herder* (toler) *ikkje høyra paa det*); *kunna*; *lata*; *laast* (*han læst vera framand*); *ljota*; *du lyt reisa*; *lysta*; *maa*; *nennast*

(han nentest ikkje kosta det); orka; segjast; synast; timast; tora; trøysta (han trøyster ikkje leggja ut); turva; tykjast; verta (eg vert (maa) vel ganga); vilja; vinna.

5. me kann tenkja oss gjerningi liksom ein eigenskap tillagd ein ting: *det kom ein fugl fljugande* (notid); *ein bunden hest* (fortid). Denne formi kallar me **eigenskapsmaaten** (partisip).

Merkn. Partisip eller eigenskapsmaaten vert bøygt som eigenskapsord, § 57, 2, § 58, § 60 og § 114.

§ 85. Gjerningsordet vert etter dette bøygt i tid, tal og maate. Nennemaaten, fortid i forteljemaaten og fortid i eigenskapsmaaten kallar me hovudtider: *finna fann funne*; *dylja dulde dult*; *kasta kasta kasta*. Naar me kjenner desse tiderne, kann me laga dei andre av deim.

Merkn. Umfram desse formerne hev me ogso nokre som endar paa *st* (*ast*), den **atterverkande** (refleksive) form: *det dagast*; *han segjest vera sjuk*; *dei skjemmest ikkje*. Serkild form for **passiv (lideform)** brukar me derimot berre sjeldan paa norsk, og daa helst upersonlegt: *det spyrst*. Dei passive former eller lideformerne vert elles umskrivne med fortid i eigenskapsmaaten og tiderne av *vera* og *verta*. — *Hava*, *skula*, *vera*, *verta* og *vilja* kallar me hjelpeverb.

§ 86. Etter den maaten gjerningsordi skapar hovudtiderne paa, kløyver dei seg i tvo store hopar: **sterke** og **linne**. Sterke gjerningsord kallar me deim som skapar hovudtiderne med hjelp av ljodsprang (§ 26): *finna fann funne*; linne kallar me deim som skapar sine hovudtider med endingar: *døma dømde dømt*.

Sterke gjerningsord.

§ 87. Etter det ulike ljodspranget skil dei sterke gjerningsordi seg i seks klassor eller rekkjor. Til ei framsyning av alle serskilde former som eit sterkt gjerningsord hev, kann me taka **fara**.

Forteljemaate.

Notid.

fer

Fortid.

fór

Ynskjemaate.

Notid.

fare

Fortid.

(føre)

Bjodemaate.

Eintal: **far!** (du)

Fleirtal: **fare!** (de)

Eigensjapsmaate.

Notid: **farande**

Fortid: **faren (fari, fare)**

Nemnemaate.

fara.

§ 88. Fyrste klassa.

Nemne-
maate.

finna

bresta

Notid
fortelj.

finn

brest

Fortid
fortelj.

fann

brast

Fortid
eigensjapsm.

funne

broste

Merkn. Som *finna*: *drikka, klinga, spinna, springa; brenna, renna*. — *binda, stinga, vinda* hev i fortid *batt, stakk, vatt*, og i bjodemaaten eintal *bitt, stikk, vitt*; fleirtal i bjodemaaten: *binde, stinge, vinde*.

Som *bresta*: *detta, gjelda, gleppa, gletta* (=glida, snaava), *gnella, knekka, knetta, kvekka, kveppa, kverva* (det kvarv burt, det kom av syne), *rekka, skjelva, skrella* (smella), *skvetta, sleppa, smella, smetta, velta, verpa, verta*. Um *fella* (=falla) sjaa § 95.

§ 89. Uregelrette er: *hogga* (*høgg hogg hogge*); *nyggja* (*nygg nogg nogge*; »baaten laag og nogg seg mot (skrapa, hogg paa) *fjellet*»; »skoen

nygg meg); *syngja* (*syng song sunge*), *sökka* (*sökk sokk sokke*); *trennga* (*trenng trong trunge*). — Som *nyggja* gjeng: *tyggja*. Som: *sökka*: *klökka* (verta sorgmodig), *slökka* (slokna), *stökka* (bresta, falla ut, ogso = skvetta, kveppa). Som *trennga*: *slenga*.

§ 90 Andre klassa.

Nemne- maate.	Notid fortelj.	Fortid fortelj.	Fortid eigenskapsm.
kveda	kved	kvad	kvede
gjeva	gjev	gav	gjeve
sitja	sit	sat	sete
bera	ber	bar	bore

Merkn. Som *kveda*: *drepa*, *kreka* (krjupa; yra), *leka* (*baaten lak*), *lesa*, *reka*. Som *gjeva*: *gjeta* (*han gat* (sa) *ikkje eit ord um det aat meg*). Som *bera*: *skjera*, *stela*; *beda bad bede*.

§ 91. Uregelrette er: *eta* (*et aat ete*); *koma* (*kjem kom kome*); *liggja* (*ligg laag lege*); *sjaa* (*ser saag sét*); *sova* (*søv sov sove*); *vera* (*er var vore*).

§ 92. Tridje klassa.

Nemne- maate.	Notid fortelj.	Fortid fortelj.	Fortid eigenskapsm.
bita	bit	beit	bite

Merkn. Soleis: *bida* (*vera til*; *det beid ikkje ein som vilde tru det*), *bliva* (*drukna*), *driva*, *glida*, *glima* (*skina*, *lysa*; *det gleim av det*), *gnida*, *grina*, *kika* (*ogso lint*), *kliva*, *knipa*, *kvina*, *lida*, *lita*, *niga* (*bukka seg*), *risa* (*standa upp*; *han vilde ikkje risa*), *riva*, *sigja*, *skina*, *skrida*, *skrika*, *skriva*, *slita*, *stiga*, *svida*, *svika*, *sviva*, *triva*, *vika*.

§ 93. Fjorde klassa.

Nemne- maate.	Notid fortelj.	Fortid fortelj.	Fortid eigenskspsm.
njota	nyt	naut	note
fljuga	flyg	flaug	floge
stupa	styp	staup	stope
gyva	gyv	gauv	gove

Merkn. Som *njota*: *bjoda*, *brjota*, *drjosa* (= *drysja*), *fljota*, *frjosa*, *kjosa* (kaara; *kjosa paa*: *røysta paa*), *ljota* (*han lyt gjera det*), *njosa*, *sjoda* (koka), *skjota*, *trjota* (faa ende; *det tryt upp*). Som *fljuga*: *krjupa*, *ljuga*, *rjuka*, *smjuga*, *strjuka*. Som *gyva*: *skyva* (eller *skuva*).

§ 94. Femte klassa.

Nemne- maate.	Notid fortelj.	Fortid fortelj.	Fortid eigenskspsm.
fara	fer	fór	fare
taka	tek	tok	teke
slaa	slær	slo	slege

Merkn. Som *fara*: *ala*, *gala*, *grava*, *mala*, *skava*, *vada*. Som *taka*: *aka*, *skaka*, *druga*, *gnaga*. Som *slaa*: *flaa* (oftast lint), *klaa*, *tvaa* (vaska).

§ 95. Uregelrette er:

<i>døy</i>	<i>døyr</i>	<i>do</i> (døydde)	<i>daae</i> (oftast lint)
<i>falla</i> ell. <i>fella</i>	<i>fell</i>	<i>fall</i>	<i>falle</i>
<i>gøya</i>	<i>gøyr</i>	<i>go</i>	<i>gaae</i> (oftast lint)
<i>hevja</i>	<i>hev</i>	<i>hov</i>	<i>hove</i> (ogsø lint)
<i>laupa</i>	<i>løyp</i>	(laup t e)	<i>laupe</i> (ogsø lint)
<i>læ</i>	<i>lær</i>	<i>log</i>	<i>lætt</i>
<i>standa</i> ell. <i>staa</i>	<i>stend</i>	<i>stod</i>	<i>stade</i>
<i>sverja</i>	<i>sver</i>	<i>svor</i>	<i>svore</i>
<i>treda</i> ell. <i>traa</i>	<i>tred</i>	<i>trod</i>	<i>trade</i>

<i>vega</i>	<i>veg</i>	<i>vog</i>	<i>vege</i>
<i>veksa</i>	<i>veks</i>	<i>voks</i>	<i>vakse</i>
<i>veva</i>	<i>vev</i>	<i>vov</i>	<i>vove</i>

§ 96. Sette klassa.

Nemne- maate	Notid fortelj.	Fortid fortelj.	Fortid eigenskapsm.
blaasa	blæs	bles	blaase
faa	fær	fekk	fenge (faatt)
ganga (gaa)	gjeng (gaar)	gjekk	gjenge (gaatt)
graata	græt	gret	graate
halda	held	heldt	halde
hanga	heng	hekk	henge
lata	lèt	lét	late
laata	læt	let	laate

Aalmenne merknader um bøygingi aat sterke gjerningsord.

§ 97. Nemnemaaten endar paa *a*, so nær som i nokre gjerningsord: *faa*, *klaa*, *døy*, og nokre fleire.

Merk n. I austlandsk fær dei gjerningsordi som i gamalnorsk hev lang vokal (*graata*, *skriva*) eller som hev tvifelt konsonant (*ganga*, *halda*), *-e* i nemnemaaten: *graate*, *skrive*, *gange*, *halde*, medan dei andre ordi fær *-a*; *bera*, *fara*, *taka*, *draga*. I Trøndelag kastar dei endaa burt endingi i det fyrstnemnde tilfellet, so dei segjer: *aa graat'*, *aa skriv'*, *aa gang'* (Namd.); men derimot: *aa bera* (eller *bara*), *aa fara*, *aa taka*, *aa draga*. I Nedenes, Sunnmøre og nokre andre bygder endar nemnemaaten alltid paa *e* i staden for *a*.

§ 98. **Notid i forteljemaaten.** Eintal vert laga av nemnemaaten soleis at me kastar burt endingi *a* og gjev vokalen lint ljodbrigde (§ 25): *fara, fer; njota, nyt; faa, fær.* Merk: *lata, lèt.*

Merkn. 1. I eint. not. kann dei sterke gjerningsordi ogso hava ei lengre form paa *-er*: *finn* eller *finner*, *bryt* eller *bryter*.

Merkn. 2. Naar serskild form for fleirtal vert bruka, er ho alltid lik nemnemaaten: *dei fara* (§ 83, merkn.)

§ 99. **Fortid i forteljemaaten.** Fleirtal i fortid er endaa minder bruka enn i notid, og er heller ikkje gjennomført i alle gjerningsord. Døme paa fleirtalsformer er: *funno, brosto, kvaado, bito, nuto, foro, fingo, gingo, bleso.*

§ 100. **Notid i ynskjemaaten** vert laga av stomnen i nemnemaaten med tillegget *e*: *han fare so langt som han vil; skjote, springe.*

§ 101. **Fortid i ynskjemaaten** er sjeldhøyrd: *finge, føre, vøre av faa, fara, vera.*

§ 102. **Bjodemaaten.** Eintal vert laga av nemnemaaten med burtkasta ending: *skjot, far.* Fleirtal hev endingi *e*: *skjote, fare.* Endar nemnemaaten paa rotvokalen, er bjodemaaten lik nemnemaaten: *flaa, sjaa.* Merk: *haldt, halde; gakk, gange; statt, stande; sit, sitje.*

§ 103. **Eigenskapsmaaten i notid** endar paa *-ande*: *komande, sjaaande.* **Fortid** hev former for alle tri kyn, og vert bøygd som eigenskapsord paa *-en*; *komen, komi, kome.* Her er berre uppført inkjekyn.

Linne gjerningsord.

§ 104. Dei linne gjerningsordi vert skipa i tri klassor etter dei ulike endingar dei nyttar til aa skapa hovudtiderne med. Til dømme paa bøygingi aat eit lint gjerningsord kann tena: **døma**.

Forteljemaate. Ynskjemaate.

Notid. Notid.

dømer **dømme**

Fortid. Bjodemaate.

dømde Eint. **døm!** (du)

Fleirt. **dømme!** (de)

Eigenskapsmaate. Nemnemaate.

Notid: **dømande** **døma**

Fortid: **dømd** (inkjekyn **dømt**)

§ 105. Fyrste klassa.

Nemne- Notid Fortid Fortid
maate. fortelj. fortelj. eigenskapsm.

telja **tel** **talde** **talt**

dylja **dyl** **dulde** **dult**

setja **set** **sette** **sett**

Merkn. 1. Som *telja*: *berja* (→*berja* (slaa) *flokar*), →*berja* (treskja) *korn*), *bledja* (velja), *dvelja*, *kverja*, *leggja*, *semja* (*semja seg* = forlikast), *temja*, *tenja* (spana ut), *velja*, *venja*, *verja*. Som *dylja*: *byrja*, (not. *byr*; →*han burde ikkje gjera det*), *dynja*, *flytja*, *grysjja*, (skjelva), *rydja*, *rysjja*. (=grysjja), *smyrja*, *spyrja* (not. *spør*), *stydja*, *styrja*, *symja*, *yrja* (→*det yr og kryr*). Som *setja*: *hylja* (løyna), *selja*, *skilja*, *skylja*. Merk: *gleda* (*gled gledde gledt*); like eins *steda*.

Merkn. 2. Nennem. *tru*; notid fortelj. *trur*; fortid *trudde*; eigenskapsm. *trutt* (mannkyn *trudd*). — Soleis: *bu*, *fli*, *gaa*, *gro*, *naa*, *ro*, *saa*, *sy*, *te* (visa), *traa*.

§ 106. Andre klassa.

Nemne- maate.	Notid fortelj.	Fortid fortelj.	Fortid eigenskspsm.
døma	dømer	dømde	dømt
lysa	lyser	lyste	lyst

Merkn. 1. Endingi i fortid er *de* etter linn konsonant, sjaa § 28, 29: *greidde, drygde, tømde, døy vde*, men *te* etter hard: *tenkte, gapte, læste, bytte*. Etter *l, n, r* hev mange gjerningsord *de* og sume *te* t. d. *told e, løynde, kurde, førde; mælte, lønte, fyrte*.

Merkn. 2. Naar stommen endar med einsleg *d* (eller *t*), vert det tillagt *d* (eller *t*) i fortid: *leider leidde leiddt (møta møter møtte)*; men naar stommen endar paa *d* eller *t* med konsonant fyre, vert ingen ny *d* eller *t* tillagd: *henda hender hende hendt; festa fester feste fest*.

Merkn. 3. Soleis vert bøygt: 1. Gjerningsord som er laga av tingord, eigenskspsord og sterke gjerningsord med ljodbrigde: *lessa (lass); festa (fast); svæva* (faa til aa sova). 2. Gjerningsord med *gj* og *kj* framfor endingi: *sprengja, styrkja*; — tak undan: *leggja* (1ste kl.); *bryggja, eggja, kneggja* (alle 3 etter § 108). — 3. Sume gjerningsord med hard vokal i stommen: *duga, gapa, kaup a, kura, laana, lura, raada, spara, stura, tapa, tola, tora, vaka*.

§ 107. Merk bøygingi aat desse ord:

Nemne- maate.	Notid fortelj.	Fortid fortelj.	Fortid eigenskspsm.
<i>rekkja</i>	<i>rekkjer</i>	<i>rakte (rekte)</i>	<i>rakt</i>
<i>gjera</i>	<i>gjer</i>	<i>gjorde</i>	<i>gjort</i>
<i>tykkja</i>	<i>tykkjer</i>	<i>tykte (totte)</i>	<i>tykt (tott)</i>

Som **rekkja**: *tegja, tekkja, vekkja; seqja (segjer sa (eller: sagde) sagt*.

§ 108. Tredje klassa.

Nemne- maate.	Notid fortelj.	Fortid fortelj.	Fortid eigenskspsm.
kasta	kastar	kasta	kasta

Merkn. 1. I eldre landsmaal heiter fortid *kastade* (*kastad*), og partisip *kastat*.

Merkn. 2. Soleis dei fleste gjerningsord: *hugsa, sola, baka, vanta* (ord paa *-ka, -la, -na, -ra, -sa, -ta*), alle framdord paa *-era* t. d. *studera, spekulera* o. fl.

§ 109. Uregelrette gjerningsord.

Nemne- maate.	Notid fortelj.	Fortid fortelj.	Fortid eigenskapsm.
<i>ausa</i>	<i>øys</i>	<i>auste</i>	<i>aust</i>
<i>eiga</i>	<i>eig</i>	<i>aatte</i>	<i>aatt</i>
<i>hava</i>	<i>hev</i>	<i>hadde</i>	<i>havt</i>
<i>kunna</i>	<i>kann</i>	<i>kunde</i>	<i>kunna</i>
<i>muna</i>	<i>mun</i>	<i>munde</i>	
<i>skula</i>	<i>skal</i>	<i>skulde</i>	<i>skula</i>
<i>turva</i>	<i>tarv</i>	<i>turvt</i>	<i>turvt</i>
<i>valda</i>	<i>veld</i>	<i>volde</i>	<i>valde</i>
			(også etter § 108)
<i>vilja</i>	<i>vil</i>	<i>vilde</i>	<i>vilja</i>
<i>vita</i>	<i>veit</i>	<i>visste</i>	<i>visst</i>

Aalmenne merknader um linne gjerningsord.

§ 110. **Notid fortelj.** Der som dei brukar fleirtal, er det likt nemnemaaten: *dei telja, døma, kasta*.

§ 111. **Fortid fortelj.** Fleirtal er alltid likt eintalet: *me dømde, dei kasta*.

§ 112. **Ynskjemaaten i notid** vert skapa av stommen i nemnemaaten med tillegg av *-e*: *selje, døme, kaste*. **Fortid** i ynskjemaate sjeldsynt: *hedde, kynne* (av *hava, kunna*).

§ 113. **Bjodemaaten** i eintal er lik stommen: *sel, døm*, so nær som i 3dje klassa: *kasta, kalla*. Fleirtal endar paa *e*: *selje, dømme, kaste*. Endar nemnemaaten paa rotvokalen, er bjodemaaten lik nemnemaaten: *ro*.

§ 114. **Eigensksmaaten**. Notid endar paa *ande*: *setjande, dømmande, kastande*. Fortid vert bøygd som eigensksord: sjaa § 57, 2. Formi paa *-a* er ubøygjeleg; sjaa § 60.

Atterverkande (refleksive) gjerningsord.

§ 115. Atterverkande former vert skapa av dei aktive med tillegg av **-st**.

Nemne- maate.	Notid fortelj.	Fortid fortelj.	Fortid ei- genskspsm.
<i>finnast</i>	<i>finst</i>	<i>fanst</i>	<i>funnest</i>
<i>venjast</i>	<i>venst</i>	<i>vandest</i>	<i>vanst</i>
<i>synast</i>	<i>synest</i>	<i>syntest</i>	<i>synst</i>
<i>ottast</i>	<i>ottast</i>	<i>ottast</i>	<i>ottast</i>

Merkn. I motsetning til dei atterverkande og passive former av gjerningsordi kallar me den formi gjerningsordet elles hev, for **aktiv** (gjereform).

§ 116. Til framsyning av alle formerne, samansette og usamansette, i aktiv (gjereform) og passiv (lideform), kann tena det sterke gjerningsordet: **taka**.

Tider.	Fortelje- maate.	Aktiv (gjereform).			Nemne- maate	Eigenskaps- maate.
		Ynskje- maate.	Bjode- maate.			
Notid	<i>tek</i>	<i>take</i>	Eint.: <i>tak!</i> Fleirt.: <i>take!</i>	<i>taka</i>	<i>takande</i>	
Fortid	<i>tok</i>	<i>tøke</i>				
Ferdig notid (perfektum)	<i>hev teke</i>			<i>ha teke</i>		
Ferdig fortid (pluskvamperfektum)	<i>hadde teke</i>					
Framtid (futurum simpleks)	<i>vil (skal) taka</i>			<i>vilja taka</i>		
Ferdig framtid (futurum eksaktum)	<i>vil (skal) ha teke</i>					
Passiv (lideform).						
Notid	<i>vert teken</i> (<i>i, e, ne</i>)	<i>verte teken</i> (<i>i, e, ne</i>)			<i>verta teken</i> (<i>i, e, ne</i>)	
Fortid	<i>var teken</i> (<i>i, e, ne</i>)					
Ferdig notid (perfektum)	<i>er teken</i> (<i>i, e, ne</i>)				<i>vera teken</i> (<i>i, e, ne</i>)	Eint.: <i>teken, i, e</i> Fleirt.: <i>tekne</i>
Ferdig fortid (pluskvamperfektum)	<i>var teken</i> (<i>i, e, ne</i>)					
Framtid (futurum simpleks)	<i>vil (skal) verta teken</i> (<i>i, e, ne</i>)				<i>vilja verta</i> <i>teken (i, e, ne)</i>	
Ferdig framtid (futurum eksaktum)	<i>vil (skal) vera teken</i> (<i>i, e, ne</i>)					

Adverb eller utfyllingsord.

§ 117. Adverbi er ubøygjelege, so nær som at sume kann faa gradbøygning liksom eigenskapsord. Høgregraden endar daa jamnast paa *are*, sjeldan *r*, og høgregraden paa *ast*, sjeldan *st*, ofte, oftare, oftast; *lenge*, *lenger*, *lengst*.

Merkn. *meir*, *mest*; *minder*, *minst*.

§ 118. Etter tydingi kann me skipa adverbi soleis:

1. **Tidadverb:** *no*, *daa*, *stundom*.
2. **Stadadverb:** *her*, *der*, *kvar*, *heim*
3. **Maateadverb:** *kor*, *soleis*.
4. **Orsakadverb:** *difor*.
5. **Motsetningsadverb:** *likevel*.
6. **Stadfestingsadverb:** *ja*, *til vissa*,
7. **Neitingsadverb:** *nei*, *langt ifraa*.

Præposisjonar eller styreord.

§ 119. Præposisjonarne i norsk er: *av*, *aat*, *etter*, *fraa*, *fyre*, *for*, *gjennom*, *hjaa*, *i*, *med*, *millom*, *mot*, *or*, *paa* (*aa*), *til*, *um*, *under*, *utan*, *ved*, *yver*.

Merkn. 1. *Til* og *millom* styrer i sume tilfelle eige-fall av namnordet: *til kvelds*; *manne millom*; *huse millom*. I dei bygder som dei brukar dativ, styrer desse præposisjonarne alltid den formi: *av*, *aat*, *fraa*, *hjaa*, *mot*, *or*; sumtid med dativ og sumtid med nemneform stend: *etter*, *for*, *fyre*, *i*, *med*, *paa*, *ved*, *under*, *yver*: *dei er i skogom*; *dei reiste upp i skogarne*. — *Um* og *gjennom* hev alltid nemneform.

Merkn. 2. Samansette styreord hev me mange utav: *attaat*, *attmed*, *attpaa*, *attum*, *attunder*, *attved*, *attyver*, *uppmed*, *uti*, *burt aat* o. s. fr. Merk: *for* — *skuld* (*for folket skuld*; *for sonen*, *syndi*, *menneskja*, *federne skuld*; *for kviledagen skuld*).

Bindeord.

§ 120. Bindeord er ubøygjelege. Etter si tyding kann me skipa deim i sideordnande og underordnande. **Sideordnande** er: *og, baade—og; eller, korkje—eller; anten—eller; men*. **Underordnande** er: *at, daa, di at, endaa, for di, innan, medan, naar, so framt, um, annast, ifall o. s. fr.*

Ordlaging.

§ 121. Ordi kann ogso faa eit slikt umskifte i form at tydingi vert brigda, og det kjem fram liksom eit nytt ord av det gamle. Dette umskifte, som me kallar ordlaging, vert gjort anten med avleiding eller samansetning.

Avleidingi

§ 122. gjeng for seg anten med endingar eller forutan, og ofte med ljodbrigde (§ 25). Døme: *leira* (av *leir*); *hogg* (av *hogga*); *fiska* (*fisk*): *tøk* (*taka tok*); *snøre* (*snor*); *sykja* (*sjuk*); *festa* (*fast*); *fløyta* (*fljota flaut*); *tenar* (*tena*); *lesning* (*lesa*); *vaagnad* (*vaaga*); — *manndom, kjærleik, truskap, vitløysa*; — *kvild* (*kvila*); *lydig* (*lyda*); *minnug* (*minna*); *vandsleg, strævsam, endelaus*; — *sovna* (*sova*); *turka* (*turr*).

Samansetning.

§ 123. Naar namnord vert samansett med namnord, kann fyrste leden av samansetningi, eller opphavsordet, anten vera lik grunnformi aat ordet: *sandjord, doggfall, takstein*, eller ogso kann upp-

havsordet *hava* endingi *s* eller *e*: *kongsgard*, *baatslengd*; *ryggjetak*; *hageblom*; *soknefolk*; *vikeblad*, *kyrkjefolk*; *aarstal*, *merkesgard*, (*riksstyre*); *dagetal*, *handeskifte*, *landefred*, *augnelok*.

Merkn. Berre i nokre faa samansetningar vert bruka *a*, *ar* i staden for *e*: *eignalut*, *naudardom*, *attarmerke*. Kvendkynsord med *-ing* kann faa *s*: *finningsløn*.

§ 124. Naar namnord vert samansett med eigenskapsord, vert det oftast nytta grunnformi aat namnordet: *handfast*, *ordstød*; like eins naar namnordet kjem i lag med gjerningsord: *rothogga*, *landganga* (*ein baat*). Men mannkynsord og kvendkynsord som endar paa sjølvlyd, hev *e*: *makelaus*, *helleleggja*. Merk *lesarbarn*, *rennarbakke*.

§ 125. Naar opphavsordet er eit eigenskapsord, vert det oftast bruka grunnformi: *storbaat*, *unghest* (men: *litlefinger*, *jamaldre*).

§ 126. Naar opphavsordet er eit gjerningsord, vert det jamnast tillagt ein *e* aat ordstommen: *lærebok*, *reisefør*. Den reine stommen i: *farveg*, *dragkula* (leik).

Setningslæra.

1. Setningslederne — subjekt — prædiket — objekt — personsobjekt — utfyllingar.

§ 127. Naar prædiketet er eit paaverkande gjerningsord (§ 11, merkn. 1) trengst det i setningi umfram subjekt og prædiket endaa ein set-

ningsled, som segjer kva gjerningi verkar paa: *han selde baaten*. Denne setningsleden kallar me **objekt** (motled).

Merkn. 1. Stundom kann ogso eit upaaverkande gjerningsord hava eit objekt, helst av same roti som gjerningsordet: *liva eit fagert ungdomsliv*.

Merkn. 2. Nokre gjerningsord hev eit tvifelt objekt: *han kalla guten ein sæling*.

§ 128. Sume gjerningsord vil ogso krevja ein setningsled, som syner kven det er for, at gjerningi gjeng for seg: *han gav oss ei bok*. Denne setningsleden kallar me **personsobjekt** (sideled).

Merkn. 1. Slike gjerningsord er: *ljoda, borga, byggja, etla, fortelja, gjera, gjeva, laga, laana, lova, meinka, neitta, retta, raada, senda, segja* o. s. fr.

Merkn. 2. I dei maalføre som hev dativ (sidefall), fær sideleden denne formi: *ho gav gutom mat*.

§ 129. Setningi kann endaa faa ymse **utfyllingar**, som nemner anten **tidi** daa gjerningi gjeng for seg: *eg kjem i morgon*; eller **staden** der ho gjeng for seg: *han stod langt burte*; eller **maaten**, midelet, prisen, maalet: *han slo med all si magt; det kostar fem krunor*; eller **orsaki**, grunnen, fyremaalet: *me hev soldatar til aa verja landet*. (Utfyllingsled, adverbiale).

Merkn. 1. Naar det framfor slike utfyllingar kjem ein præposisjon, kallar dei det **komplement**: *han for til Amerika*.

Merkn. 2. Av andre setningsutfyllingar byr ein merka seg, at det attaat eit namnord kann verta sett:

1. eit eigenskaplegt ord: *fuger skog; mange visor; tvo born; staven min*.

2. eit anna namnord: *kong Haakon; dikteren Vinje; byen Bergen*. — *Vara deg, mann!* I det siste tilfellet er **mann** **attaat-set** (apposisjon).

3. eit namnord med præposisjon framanfor eller eigedomspronomen etter: *enden paa visa; mannen sin hatt*.

2. Hovudsetning — undersetning.

§ 130. Ei setning som kann verta utsagd utan hjelp av andre setningar, kallar me **hovudsetning**: *baaten siglde*. Ei setning som ikkje kann staa aaleine, men som lyt stydja seg aat ei onnor, kallar me **undersetning**: *baaten siglde, fyrr enn guten kom*.

Undersetningi kann ein stundom smetta inn millom lederne i hovudsetningi: *det som eg fekk, var litet*. Her er *som eg fekk* undersetning.

§ 131. **Hovudsetningarne** kann vera tri slag, anten forteljande: *baaten siglde*; eller spyrjande: *kva er lengste timen paa dagen?* — eller bjodande (ynskjande): *kom heim!* *Signe kvilet!*

§ 132. **Undersetningarne** er:

1. **Namnsetningar**: *det var vel at du kom* (undersetningi er subjekt). *Eg baud honom at han skulde fara spakt fram* (undersetningi er objekt). *Me spurde um han vilde kveda for oss* (objekt).

2. **Eigenskapssetningar**; dei byrjar oftast med det relative pronomen *som*: *han tegjer som mest veit* (relativsetning).

3. **Adverbiale setningar** (utfyllingssetningar); dei byrjar med dei underordnande bindeord: *det gode gjerest medan dei vonde gjeng* (tidi). *Eg synte honom kvar det var* (staden). *Dei laut*

gjera det, korleis dei skulde taka til med det (maaten). Det var reint uraad, med di straumen gjekk som ein foss (grunnen). Du kann, dersom du vil (vilkaar). Det kom ei vindflaga, so at baaten kvelvde (fylgja). Han venta, so brór hans kunde verta med (formaal). Dei gav seg ikkje, endaa dei var trøyttle (vedgaaing).

4. Samanlikningssetningar vert ihopknytte med: *som (liksom), enn, di (dess) — di (dess): han er so god som tvo andre. Island er større enn Danmark. Di meir han klagar, di minder fær han (eller dess meir — dess minder).*

§ 133. Setningar som er samanbundne med sideordnande bindeord, vert kalla **sideordna setningar**; dei kann vera anten hovudsetningar eller undersetningar. Soleis: hovudsetningar: *eg gjekk, og eg leita.* Undersetningar: *mange meiner at det gagnar eit land mest aa bruka sitt eige maal, og at det er ei skum aa laana hjaa andre det som ein eig sjølv.*

§ 134. Den regelrette ordsetjing i hovudsetningi er subjekt, prædiket, sideled, og objekt: *ho gav fuglarne mat.* Vil me leggja vegt paa eit ord, vert det helst sett fyrst, og daa kjem prædiket framfor subjektet: *hans meining fekk ingen vita.* I undersetningi kjem oftast bindeordet fyrst, og deretter subjekt og prædiket: *Gunhild sa at ho hadde sét byen fyrr.*

Skiljeteikn.

§ 135. **Komma** (, striket) brukar me, naar der er ein liten stans i lesnaden.

Set komma:

1. millom jamstelte leder i setningi, naar dei hev ettertrykk: *han var rik, men ikkje lukkeleg.*

2. millom ord i opprekningar, ogso naar det siste ordet er tilknytt med bindeord: *Tunsberg, Stavanger, Bergen, og Trondheim er gamle byar.*

3. millom jamstelte setningar: *sume søv seg til søla, og sume slæpar seg til armod.*

4. etter tiltaleord eller innleidingsord: *nei, det vil eg ikkje.*

5. millom hovudsetning og undersetning, naar der er stans i lesnaden: *han vilde ikkje, endaa eg bad honom lenge. Men: han vilde ikkje at eg skulde gaa.*

Merkn. Set ikkje komma framfor ei relativsetning, naar der ikkje er stans i lesnaden: *den som visste det, han tagde. Men: han bur paa Seim, som er ein liten gard i Innfjorden.*

§ 136. **Semikolon** (; prikk og strik) vert bruka millom hovudsetningar, naar der trengst ei større skiljing enn komma: *det er vakkert landskap aa sjaa til, men falleg skrint og snaudt; det er berre turre sandmoarne med noko smaatt ryslyng og skrekling og nokre furor; og naar det ikkje er retteleg vaat-aar, so skin det av nedpaa der um sumaren.*

Merkn. Framfor *men* vert det helst sett semikolon, naar det kjem ei setning med nytt subjekt.

§ 137. **Punktum** (. prikk) vert sett etter ei eller fleire setningar, naar ei heil avgrensa meining er til ende: *han var student, og ho var prestedotter. Han var innpaa dei aatte og tjuge; men*

ho var berre femtan. Han var høg og mager, bar haaret noko nedyver ennet, saag tankefull og stundom lidande ut. Ho var liti o. s. fr.

§ 138. **Kolon** (: tviprikk) brukar dei etter slike ordelag som: *han sa, han svara, han kviskra, dei ropa*, naar det so kjem nettupp dei ord som det var sagt, svara o. s. fr. I lag med kolon vert i dette tilfellet sett dubbelt strik (hermeteikn „“) fyre og etter det som er sagt: *han sa til meg: „Eg kjem endaa ein gong“*. Like eins vert det sett kolon framfor ei opprekning: *han aatte berre tvo bøker: Bibelen og Heimskringla*.

§ 139. **Spursmaalsteikn** (?) vert sett etter ei hovudsetning som inneheld eit spursmaal: *naar kom han? Kva tid reiser han?*

§ 140. **Utropsteikn** (!) vert bruka etter utrop: *aa høyr daa, gut! For ei skam! Din arming!*

§ 141. **Tankestrik** (—) vert helst sett, naar det kjem noko i setningi som er uventande, eller som lesaren skal serleg gjeva agt paa: *det er berre ein som kunde bera fram tidend um korleis alt gjekk til, og han er no — burte*.

§ 142. **Parantesteikn** () klomber) inneheld eit ord eller ei meining som er innskoti i setningi, og som berre hev ein laus samanheng med innehaldet: *det verste som kann henda ein mann (her paa jordi daa) er aa liggja i andlaatom (paa sitt siste) og ikkje kunna minnast at han hev gjort noko godt i sitt liv*.


§ 143. **Bindeteikn** (-) brukar me mest til aa binda i hop ymse deilder av eit ord.

Avstyttingar av ord.

o. s. fr. = og so frametter.

t. d. = til dømes = til eksempel.

utt. = uttala.





Depotbiblioteket



77sd 80 764